



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE



Strategisk plan for bibliotekutvikling i Sogn og Fjordane 2011-2014

Vedtøken i fylkestinget 14. desember 2010, sak 55/10

www.sfj.no



Fylkesbiblioteksjef Ágúst Magnússon leier verksemda ved Sogn og Fjordane fylkesbibliotek (Foto: Anja Angelskår Mjelde, fylkesbiblioteket)

Sogn og Fjordane fylkesbibliotek skal vere eit service- og utviklingsorgan for biblioteksektoren i Sogn og Fjordane, og med det bidra til lokal samfunnsutvikling.



Innhald

1. Innleiing	5
2. Fakta om og vurdering av biblioteksituasjonen i Sogn og Fjordane	7
3. Biblioteka sine roller	9
3.1 Fylkesbiblioteket	
3.2 Folkebibliotek	
3.3 Skulebibliotek	
4. Hovudsatsingar	11
Målområde 1 Struktur og organisering	
Målområde 2 Kompetanse	
Målområde 3 Innhald og tenester	
5. Visjon	13
6. Mål og strategiar	13
6.1 Målområde 1	
Strategi 1: Utvikle samarbeid mellom alle offentlege bibliotek	
Strategi 2: Etablere forpliktande regionalt samarbeid mellom kommunane om bibliotekutvikling	
Strategi 3: Utvikle gode skulebibliotek som reiskap for læring og utvikling	
Strategi 4: Styrkje fylkesbiblioteket si rolle som kompetansesenter og regional utviklingsaktør	
6.2 Målområde 2 Kompetanse	
Strategi 1: Utarbeide kompetanseutviklingsprogram for bibliotektilsette i fylket	
Strategi 2: Stimulere til utviklingsarbeid i kommunane	
6.3 Målområde 3 Innhald og tenester	
Strategi 1: Utvikle nye (brukarstyrte) digitale tenester, styrkje biblioteka si rolle som bidragsytarar til den digitale kompetansen og digitalisere viktige innhaldsressursar	
Strategi 2: Styrkje og vidareutvikle kultur- og litteraturformidlinga, særleg for barn og unge	
Strategi 3: Styrkje formidlinga av nynorsk litteratur og kultur i samarbeid mellom arkiv, bibliotek og museum	
Strategi 4: Utvikle biblioteka til å verte inspirerande og inkluderande møte- og læringsarenaer	
Strategi 5: Sikre at tenestene vert godt kjende hos innbyggjarane	
Litteratur og bakgrunnsmateriale	20
Vedlegg	20



Årdal bibliotek fekk nye lokale i 2010 (Foto: Erling Bergan, Bibliotekarforbundet)


// Folkebibliotekene skal ha til oppgave å fremme opplysning, utdanning og annen kulturell virksomhet gjennom informasjonsformidling og ved å stille bøker og annet egnet materiale gratis til disposisjon for alle som bor i landet. (Frå §1 i Lov om folkebibliotek)

1. Innleiing

Bibliotekmeldinga (St.meld. nr. 23 2008-2009) stiller krav til omstilling for at biblioteka skal kunne møte framtidens utfordringar. Sogn og Fjordane fylkeskommune ynskjer med *Strategisk plan for bibliotekutvikling i Sogn og Fjordane* å konkretisere desse utfordringane ved å utvikle robuste og omstillingsdyktige bibliotek som kan tilby alle innbyggjarane betre bibliotektenester. Dette er ei viktig oppgåve som ikkje minst handlar om å styrkje og vidareutvikle ein offentleg møteplass for kultur- og kunnskapsformidling tufta på demokrati og ytringsfridom. Utfordringane i biblioteka viser at det er behov for ein overordna politikk som kan medverke til at biblioteka tek i bruk løysingar og byggjer

strukturar som er robuste nok til å møte morgondagens utfordringar. Det er viktig at biblioteka i størst mogleg grad arbeider i same retning og tek i bruk løysingar som gjev brukarane bibliotektenester med høg kvalitet. Det er behov for klarare mål og krav, betre ansvarsfordeling og satsingsprogram for å oppnå ei slik utvikling.

Utarbeidinga av ein strategisk plan for bibliotekutvikling for fylket skal klargjere korleis fylkesbiblioteket kan utvikle si rolle for å bidra til at biblioteka tek i bruk løysingar og byggjer strukturar som er robuste nok til å møte morgondagens utfordringar.





Operahuset på Eid, der biblioteket har lokale (Foto: Erling Bergan, Bibliotekarforbundet)

// Utviklinga av folkebiblioteket både som digital tenesteformidlar og som ein fysisk møtestad understrekar at kommunane bør tenkje både samhandling og samlokalisering for dei aktivitetane og oppgåvene som dei utfører på kulturfeltet.

2. Fakta om og vurdering av biblioteksituasjonen i Sogn og Fjordane

Statistikken som vert samla inn av ABM-utvikling kvart år, synleggjer og dokumenterer økonomiske rammevilkår, ressursar og aktivitetar. Vedlegg 1-6 viser nokre nøkkeltal for biblioteka i Sogn og Fjordane.

Kommunane har ansvaret for den faglege og økonomiske drifta av folkebiblioteka og skulebiblioteka i grunnskulen. Kommunane i fylket nytta om lag 34.000.000 kroner til folkebibliotek i 2008. Samanlikna med andre kulturområde er det folkebiblioteka som har lågast prosentvis auke i løyvingane i perioden 2004-2008.

Bibliotekstatistikken viser at folkebiblioteksektoren er i sterk endring. I perioden 1998-2008 har talet på folkebibliotekavdelingar i Sogn og Fjordane minka frå 79 til 58. Medrekna hovudbibliotek er det no om lag to avdelingar per kommune. 28 av folkebibliotekavdelingane var etter statistikken kombinasjonsbibliotek i 2008. Folkebiblioteka hadde 48 årsverk fordelt på 97 tilsette, medan fag- og forskingsbiblioteka hadde litt under 10 årsverk fordelt på 23 tilsette.

I ni kommunar hadde folkebiblioteka over to årsverk, medan sju kommunar hadde mindre enn eitt årsverk. Denne strukturen gir mange små bibliotek i kommunar med lågt folketal, nokre mellomstore bibliotek og ingen store.

Bibliotek med få årsverk vil ha store utfordringar med å ta hand om omstillingar for å fornye tenestene slik at innbyggjarane i desse kommunane kan ta del i den digitale utviklinga og ha tilgang til eit folkebibliotek med relevante tenester.

Dagens folkebiblioteklov stiller krav til kommunane om å tilsetje fagutdanna biblioteksjef. I 2008 var 13 kommunar utan fagutdanna biblioteksjef, og berre sju biblioteksjefar var i 100% stilling. Det at det ikkje vert stilt krav til storleiken på stillinga, kan ha ført til at det er vanskeleg å rekruttere fagutdanna søkjarar til dei mange deltidsstillingane i kommunane.

Det er 115 stasjonære sørvisstader for bibliotek i fylket. Då har ein teke med at det er skulebibliotek i alle grunnskulane og vidaregåande skulane. I tillegg kjem stoppa for bokbåten og bokbussen som er 64 i talet. Det vil seie at det er 179 beteningspunkt for offentlege bibliotek i Sogn og Fjordane. (Vedlegg 2)

Folkebiblioteka lånte ut litt under 500.000 einingar i 2008, det var ein liten auke frå 2007.

Utlåna har også gått litt opp i dei vidaregåande skulane og i grunnskulen, samstundes som tilveksten har gått ned.

Høgskulebiblioteka lånte ut vel 50.000 einingar i 2007, ein liten nedgang frå året før, men ved fag- og forskingsbiblioteka har nedlasting av elektroniske dokument auka kraftig.

Statistikken viser at Sogn og Fjordane har eit ueinsarta bibliotektilbod, men utfordringane varierer i høve til type bibliotek og kva nivå det einskilde bibliotek er på.



Frå nye Eid bibliotek (Foto: Erling Bergan, Bibliotekarforbundet)

// Biblioteka er reiskapar for innbyggjarane si deltaking i og tilgong til informasjons- og kunnskapssamfunnet

3. Biblioteka sine roller

3.1 Fylkesbiblioteket: Roller og oppgaver

Fylkesbiblioteket er ei lovpålagd kulturoppgave for fylkeskommunane og oppgåvene er fastsette i folkebiblioteklova. Målgruppa for fylkesbiblioteket er kommunane, fylkeskommunen og statlege styringsmakter. Etter lova skal fylkesbiblioteket ta hand om fjernlånet i fylket og organisere lånesamarbeid for folkebiblioteka.

Fylkesbiblioteket skal vidare gi råd til lokale styringsmakter, yte bibliotekfagleg rettleiing og assistanse og arrangere møte og kurs om bibliotekspørsmål. Fylkesbiblioteket driv direkte utlån frå bokbuss i samarbeid med folkebibliotek, og bokbåt i samarbeid med folkebibliotek og fylkesbiblioteka i Hordaland og Møre og Romsdal. Fylkesbiblioteket er òg pålagt å samarbeide med utdanningsmyndigheitene i fylket. St.meld. nr. 23 (2008-2009) *Bibliotek : Kunnskapsallmenning, møtestad og kulturarena i ei digital tid* legg stor vekt på at fylkeskommunen må utvikle ein regional bibliotekpolitikk som ivaretek lokale behov og statleg politikk, og vere ein regional utviklingsaktør på bibliotekområdet.

3.2 Folkebibliotek: Roller og oppgaver

Lov 2. desember 1985 nr. 108 om folkebibliotek regulerer både folke- og fylkesbibliotek. Folkebiblioteklova er fyrst og fremst ei rammelov utan føresegner om kommunalt løyvningsnivå, statstilskot og vilkår for slikt. I folkebiblioteklova står det at alle kommunar skal ha eit folkebibliotek som vert drive av kommunen åleine, eller i heilt eller delvis driftsfelleskap med annan kommune, fylkeskommune eller statleg institusjon. Kommunen fastset reglement for folkebiblioteket på grunnlag av retningsliner som departementet gir for bibliotekdrifta. Det skal vere eit organisert samarbeid mellom folkebiblioteket og dei kommunale skulebiblioteka.

Formålsparagrafen i folkebiblioteklova § 1 seier at

Folkebibliotekene skal ha til oppgave å fremme opplysning, utdanning og annen kulturell virksomhet gjennom informasjonsformidling og ved å stille bøker og annet egnet materiale gratis til disposisjon for alle som bor i landet. Det enkelte bibliotek skal i sine tilbud til barn og voksne legge

vekt på kvalitet, allsidighet og aktualitet. Virksomheten skal være utadrettet, og tilbudene skal gjøres kjent.

Formålsparagrafen har stått uendra sidan 1985. Den rommar på mange vis dei viktigaste elementa som skal til for at folkebiblioteka skal ta hand om samfunnsoppgjøret sitt – å sikre alle fritt tilgjenge til informasjon, kunnskap og kultur. Formidlingsoppgåvene og rolla biblioteka har som møtestad, er likevel i liten grad synleggjort i den noverande folkebiblioteklova. Men denne oppgåva er til gjengeld grunnfesta i fleire stortingsmeldingar om bibliotek og kultur. Folkebiblioteka skal også bidra til å utjamne digitale skilje.

3.3 Skulebibliotek: Roller og oppgaver

Skulebiblioteka står i ei særstilling som bibliotek på grunn av si nære tilknytning til skulen som eigarinstitusjon, og fordi læreplanane er styringsdokumentet. Skulebiblioteket er ein del av den pedagogiske verksemda og skal medverke til å realisere verdiar, læringsmål og innsatsområde i skulen.

Kommunen har ansvaret for skulebiblioteka i grunnskulen, og fylkeskommunen har ansvaret for skulebiblioteka i vidaregåande opplæring. Det faglege oppfølgingsansvaret for skulebiblioteka ligg i Utdanningsdirektoratet.

På lik linje med andre bibliotek har skulebiblioteka eit ansvar for å forvalte informasjonen i samfunnet, og gi elevar og lærarar fritt tilgjenge til ulike fysiske og digitale kjelder.

Basisoppgåver for alle skulebibliotek er å stimulere til auka leselyst, formidle litteratur, stille litteratur gratis til disposisjon og utlån, og å utvikle informasjonskompetansen til elevane. Samstundes skal skulebiblioteka også vere i front på det digitale området.

Opplæringslova med forskrift og Læreplanverket for Kunnskapsløftet styrer verksemda i grunnskulen og vidaregåande opplæring. I forskrifta til opplæringslova heiter det at skulen skal ha skulebibliotek, med mindre tilgjenget til skulebibliotek er sikra gjennom samarbeid med andre bibliotek.

I Lov om folkebibliotek § 6 heiter det at det skal vere eit organisert samarbeid mellom folkebiblioteket og dei kommunale skulebiblioteka. Det er utarbeidd retningslinjer for dette samarbeidet. Tilsvarende vert det stilt krav i Lov om folkebibliotek § 10 om at det skal vere eit organisert samarbeid mellom fylkesbiblioteket og skuleleiinga i fylkeskommunen.

Ein opptrappingsplan for bibliotek i vidaregåande skule blei vedteken av Hovudutval for opplæring i november 2006. Her peikar ein på kva eit skulebibliotek skal og kan vere. Gjennomføring av planen vil føre til betre bibliotektenester ved alle dei vidaregåande skulane i fylket.

Skulebiblioteka i grunnskulane i fylket er, med få heiderlege unntak, dårleg utbygde og det trengst eit løft for å få desse opp på akseptabelt nivå. Regjeringa har satsa på å gjennomføre program for skulebibliotekutvikling i perioden 2009-2012. Programmet omfattar tiltak for å stimulere til lesing, kompetanseutvikling, kunnskapsdanning og informasjonskompetanse. Dingemoen skule i Fjaler har motteke støtte frå denne satsinga.



4. Hovudsatsingar

Biblioteka har eit samfunnsoppdrag i demokratiet gjennom å leggje til rette for offentlegheit og ved å gi fri tilgang til kultur. Dette gjeld alle typar bibliotek. Mange folkebibliotek i Sogn og Fjordane har behov for eit løft; både når det gjeld innhald, kvaliteten på tenestene og nivået på kompetansen til dei tilsette. I ei digital tid vil det vere nødvendig å skape sterkare og meir robuste bibliotek, og partnerskap på tvers av samfunnssektorar. Folkebiblioteka må tilby noko som er attraktivt og som folk etterspør. Folkebibliotek som møtestad, kultur- og læringsarenaer i lokalsamfunnet er difor sentralt.

Desse utfordringane speglar hovudsatsingane i den strategiske planen for bibliotekutvikling og er samla innan tre målområde; struktur og organisering, kompetanse og innhald og tenester. Dette er dei same målområda som i *Bibliotekreform 2014*, ei utgreiing utarbeidd av ABM-Utvikling på oppdrag av Kulturdepartementet og Kunnskapsdepartementet i 2006.

For kvart av målområda er det laga mål og strategiar. Gjennomføringa av planen med tiltak knytt til strategiane er planlagt i eit eige handlingsprogram i samband med handsaminga av økonomiplanen.

Fleire av strategiane i denne planen kan berre gjennomførast dersom biblioteka greier å skape eit sterkt nettverk og få til forpliktande samarbeid. Samarbeidet må baserast på ein felles infrastruktur og faglege nettverk med vekt på kompetanseutvikling. For å få dette til er det viktig at staten, fylkeskommunen og kommunane som bibliotekearar arbeider aktivt for å utvikle samarbeid.

Målområde 1: Struktur og organisering

Hovudsatsinga under dette målområdet er å gi brukarane betre bibliotektenester gjennom sterkare bibliotek og kompetansemiljø som er i stand til å utvikle fleire og betre tenester.

Sterkare og meir robuste bibliotek oppnår ein gjennom forpliktande samarbeid mellom fleire bibliotek i ein region.

Felles retningslinjer for lån mellom biblioteka og søk i databasar vil vere viktige for at brukarane skal oppleve likeverdige bibliotektilbod uansett kvar dei bur.

Innhaldet og tenestene til biblioteka skal gjerst betre kjent for innbyggjarane.

Samarbeid må følgjast opp med eit program for å vidareutvikle det fysiske biblioteket. Her er målet at biblioteka skal vere attraktive møteplassar i lokalsamfunnet. Det hjelper lite at biblioteket har ein god stamme av bøker og andre medium dersom ikkje opningstida er tilpassa brukarane. Lokala må og stette krava til universell utforming.

Fleire av strategiane og tiltaka i denne planen kan berre gjennomførast dersom biblioteka greier å skape eit sterkt nettverk og få til forpliktande samarbeid mellom biblioteka. Samarbeidet må baserast på ein felles infrastruktur og faglege nettverk med vekt på kompetanseutvikling.

Målområde 2: Kompetanse

Hovudsatsinga på dette området er å styrkje og fornye kompetansen i biblioteksektoren. Målet er at dei tilsette i biblioteka skal ha ein brei og oppdatert kompetanse og dermed kunne yte betre bibliotektenester, ikkje minst innanfor litteraturformidling og digitale tenester.



Målområde 3: Innhald og tenester

Det er fleire hovudsatsingar innanfor dette målområdet. Det eine er å utvikle og tilby digitalt innhald og tenester. Målet er å skape eit digitalt bibliotek som gir alle enkel tilgong til kultur og kunnskap. Formidling av lokalhistorisk materiale gjennom skanning av lokalhistoriske artiklar og gamle, sjeldne bøker kan vere ei prioritering.

Ei anna hovudsatsing skal fremje biblioteka som ressurs for kultur- og litteraturformidling og læring. Der vil biblioteka i Sogn og Fjordane ha eit spesielt ansvar for å formidle nynorsk litteratur og nynorsk kultur. Dette gjeld spesielt for fylkesbiblioteket som i kulturstrategien til fylkeskommunen er pålagt å ha stor merksemd mot det nynorske.

Biblioteka skal også styrkjast som bidragsytarar til integrering og kulturelt mangfald. Biblioteka sine tenester skal vere allsidige og aktuelle, og dei skal gjerast lett tilgjengelege for heile befolkninga både fysisk og digitalt ved at ein set fokus på universell utforming.

Lyttestol med innebygde høgtalarar i Årdal bibliotek (Foto: Siv-Merethe Hatlem, fylkesbiblioteket)

5. Visjon

Biblioteket - møteplass for kunnskap, kultur og vekst

6. Mål og strategiar

6.1 Målområde 1: Struktur og organisering

Mål: *Innbyggjarane skal oppleve ein samhandlande biblioteksektor på tvers av forvaltningsnivå*

Strategi 1.1: Utvikle samarbeid mellom alle offentlege bibliotek

Delmål: *Biblioteka i Sogn og Fjordane skal ha felles retningslinjer for lånesamarbeid og brukarretta tenester.*

Det er viktig for at innbyggjarane skal oppleve ein samhandlande biblioteksektor at biblioteka har felles retningslinjer for lånesamarbeidet og brukarretta tenester. Folkebiblioteklandskapet i Sogn og Fjordane er fragmentert og samansett av mange mindre einingar. Mange av folkebiblioteka har små personalressursar og avgrensa opningstid. Fleire av kommunane har ikkje fagutdanna biblioteksjef (14). Ei viktig utfordring er å finne gode og tenlege løysingar for å utnytte dei samla bibliotek-

ressursane, slik at brukarane får eit betre bibliotektilbod. Dette kan handle om bruk av fagkompetanse, samarbeid om innhald, tenester og tekniske løysingar.

Alle dei offentlege fag- og folkebiblioteka i fylket må involverast for å få til betre tenester. Bruk av nasjonalt lånekort vil gjere samarbeid mellom bibliotek lokalt, regionalt og nasjonalt enklare. Det må vere lett å få oversikt over kva for ressursar som finst for brukarane. Felles søk i biblioteka sine samlingar er på plass i dei fleste kommunane og i planperioden må arbeidet med å få på plass transportordning mellom biblioteka igangsetjast. Folkebiblioteka må stimulerast til samarbeid om innkjøp og organisering av sirkulasjonsordningar av spesielt materiale, som t.d. film, musikk og dataspel, og til å ta i bruk digitale løysingar når det gjeld arbeidet med tilveksten til samlingane.

Strategi 1.2: Etablere forpliktande regionalt samarbeid mellom kommunane om bibliotekutvikling

Delmål: *Skape robuste og omstillingsdyktige folkebibliotek.*

Det er naudsynt å utvikle og styrkje samarbeidet mellom folkebiblioteka. Auka samarbeid om bibliotektenestene mellom kommunane kan styrkje tilbodet til brukarane. Det skal framleis vere eit fast tilbod med minst eitt fysisk bibliotek i kvar kommune, men det faglege ansvaret for å utvikle og fornye biblioteka krev ei sterkare organisering som omfattar tilbod i fleire kommunar. Det er viktig å få prøvd ut ulike organisasjonsmodellar som er forma ut frå lokale forhold og med ulik grad av forplikting. Det vil også vere viktig å stimulere til forpliktande interkommunalt samarbeid og samordning lokalt og regionalt. Det finst fleire modellar, ein av dei er vertskommunemodellen. Vertskommunemodellen kan vere aktuell å prøve ut. Modellen går ut på at ein kommune overlet bibliotekoppgåvene og mynde til ein annan kommune. Dette er ein modell som er heimla i kommunelova. Dette kan vere eit verkemiddel for å utvikle folkebiblioteka som offentlege møtestadar, synleggjere og framheve dei

som ein ressurs for kultur- og kunnskapsformidling tufta på demokrati og yringsfridom.

Eit fagleg og organisatorisk samarbeid må vere politisk forankra og ha vedtekte mål.

Strategi 1.3: Utvikle gode skulebibliotek til å vere reiskap for læring og undervisning

Delmål: *Realisering av Utviklingsplan for biblioteka i dei vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane i samarbeid med opplæringssektoren. Alle elevane i grunnskulane i fylket har tilgang til like gode skulebibliotek.*

Basisoppgåvene for alle skulebibliotek er å stimulere til auka leselyst, formidle litteratur og utvikle informasjonskompetansen til elevane. I lys av resultatane frå fleire kartleggingar av lesedugleiken vil det vere nødvendig å styrkje og vidareutvikle denne oppgåva ytterlegare. Dette kan blant anna gjerast gjennom å etablere samarbeidsløysingar mellom folke- og skulebibliotek. Eit tett samarbeid eller felles organisering av folke- og skulebibliotektenesta vil effektivisere og styrkje kommunen sin innsats og ressursforbruk på bibliotek. Ein vil også oppnå ein heilskapleg tenking omkring bibliotektilbodet til kvar einskild innbyggjar i kommunen.

Det er fleire modellar for korleis ein kan organisere det kommunale bibliotekvesenet – avhengig av både storleiken av kommunane og skulane. I Sogn og Fjordane har ein

gode eksempel på kombinasjonsløysingar mellom folkebibliotek og skulebibliotek i vidaregåande skule som til dømes i Stryn, Eid og Gloppen. Ved å etablere nettverk for skulebibliotekarar og ved å styrkje lærarane sin kompetanse om nyare litteratur står ein sterkare ved gjennomføring av lokale og nasjonale lesekampanjar.

I folkebiblioteklova heiter det at det skal vere eit organisert samarbeid mellom folkebibliotek og skulebibliotek i kvar kommune for å styrkje lesedugleik og leselyst. Tilsvarande vert det stilt krav om at det skal vere eit organisert samarbeid mellom fylkesbiblioteket og skuleleiinga i fylkeskommunen.

Strategi 1.4: Styrkje fylkesbiblioteket si rolle som kompetansesenter og regional utviklingsaktør

Delmål: *Fylkesbiblioteket skal framstå som eit profesjonelt og kvalitetssikra kompetansesenter innan bibliotekområdet, medverke til bibliotekutvikling og vere ein viktig aktør i utviklinga av kulturfylket Sogn og Fjordane.*

Fylkesbiblioteket ivaretek i dag rådgjevings- og utviklingsoppgåver i høve kommunane, driftar supplerande bibliotektenester (bokbåt/bokbuss), har ansvar for lånesamarbeid og oppbygging av lokalhistorisk samling. Fylkesbiblioteket har ei sentral rolle i arbeidet med nettbasert kulturformidling, og vil også bidra til utvikling av lokalt biblioteksamarbeid. Fylkesbiblioteket skal koordinere fellesoppgåver

og supplere statleg kompetanseutviklingsprogram.

I St.meld. nr. 23 (2008-2009) om bibliotek vert det foreslått å avvikle fylkesbiblioteket i si noverande form, og i staden utvikle fylkeskommunen sine oppgåver som regional utviklingsaktør på bibliotekområdet. Vidare vart det i stortingsmeldinga fremja forslag om at biblioteklova vert endra slik at det vert lagt vekt på å definere dei oppgåvene som skal løysast på fylkeskommunalt nivå, og ikkje kva institusjon som skal løyse dei. Samtidig vert det teke til orde for ei ordning med frivillige samarbeidsavtaler om bibliotekutvikling mellom staten og fylkeskommunen. Føremålet er å forankre nasjonale målsetjingar regionalt og lokalt, kanalisere statlege satsingsmidlar meir effektivt og målretta og stimulere til fylkeskommunale og kommunale bibliotekplanar.

Med bakgrunn i stortingsmeldinga om bibliotek bør ein vurdere dagens organisering av fylkesbiblioteket med bakgrunn i rolleforventning, utfordringar, oppgåver og ansvar og sjå korleis ein på ein god måte kan ivareta felles oppgåver til beste for utviklinga av bibliotek-/ kultursektoren i fylket. Samarbeidsavtalene ein har med Førde kommune/Førde bibliotek bør òg vurderast.

Fylkesbiblioteket bør uansett styrkje si rolle som strategisk planleggjar på bibliotekfeltet i samspel med staten og kommunane, drive kompetanseutvikling i samarbeid med aktuelle samarbeidspartar og initiere

bibliotekutvikling i fylket ved å kombinere nasjonale føringar og regionale/lokale utviklingsplanar.

6.2 Målområde 2: Kompetanse

Mål: *Brukarane av biblioteka skal møte tilsette med brei og oppdatert kompetanse. Personalet skal yte god særvis*

Strategi 2.1: Utarbeide kompetanseutviklingsprogram for bibliotektilsette i fylket

Delmål: *Opplæringstilbodet skal planleggast i relasjon til nasjonale og regionalpolitiske mål.*

Det er naudsynt å kartleggje behovet for kompetanseutvikling hos dei tilsette i biblioteka, og planleggje opplæringstilbodet i relasjon til nasjonale og regionale politiske mål. Dagens biblioteklov stiller krav til kommunane om å tilsetje fagutdanna biblioteksjef, men dei står fritt med omsyn til storleiken av stillinga. I Sogn og Fjordane har berre 14 av kommunane fagutdanna biblioteksjef og berre åtte av desse er i heil stilling.

ABM-Utvikling har identifisert fleire område der biblioteka har særleg behov for å fornye og styrkje kompetansen sin i tida framover. Dette gjeld særleg utvikling av leiarar, marknadsføring av bibliotektilboda, formidling, digital kompetanse, biblioteket som læringsarena og kulturelt mangfold. Fylkesbiblioteket må på si side kartleggje

kva opplæringstilbod som er naudsynt for å styrkje den samla kompetansen i biblioteksektoren i fylket. Med kunnskap om kompetansebehovet kan fylkesbiblioteket tilby riktig opplæring til overkomeleg pris i rimeleg nærleik til alle bibliotektilsette i fylket. Kompetanseplanar bør utarbeidast i nært samarbeid med dei einskilde biblioteka og i samarbeid med arbeidsgivarar, organisasjonar og utdanningstilbydarar.

Tilsette i fag- og forskingsbibliotek må også få tilbod om kompetanseheving.

Strategi 2.2: Stimulere til utviklingsarbeid i kommunane

Delmål: *Midlar frå staten og frå fylket skal bidra til gjennomføring av bibliotekprosjekt.*

Folkebiblioteka skal vere attraktive og inspirerande møteplassar og kulturarenaer i lokalsamfunna. Prosjektmidlar kan for eit avgrensa tidsrom vere eit viktig verkemiddel for stimulering til utvikling i folkebiblioteksektoren. ABM-utvikling (Nasjonalbiblioteket frå 2011) lyser kvart år ut midlar som i første rekkje går til større nyskappende prosjekt. Biblioteka treng også auka kompetanse på aktivitetar som kan skje i biblioteka. Aktuelt tiltak kan òg vere å opprette ein nettbasert idébank med allereie gjennomførte arrangement og forslag til nye. Prosjektstøtte må kunne gis gjennom heile året etter kvart som gode prosjekt kjem fram.

6.3 Målområde 3: Innhald og tenester

Mål: *Biblioteka i Sogn og Fjordane skal vere lågterskeltilbod med gode sosiale møtestadar, aktive formidlarar, leggje til rette for kultur- og kunstoppleving og gi fri tilgang til kunnskap og informasjon*

Strategi 3.1: Utvikle nye (brukarstyrte) digitale tenester, styrkje biblioteka si rolle som bidragsytar til den digitale kompetansen og digitalisere viktige innhaldsressursar

Delmål: *Biblioteka skal liggje i front i bruk av ny digital teknologi og levere gode digitale tenester.*

Biblioteka må styrkje innsatsen i bruk av digitale tenester og av digitalt innhald. Difor må det leggjast til rette for utprøving av nye og interaktive digitale tenester i biblioteka, ikkje minst for å møte ulike brukargrupper på mykje nytta plattformer, og å kunne mestre desse. Sosiale teknologiar og nettsamfunn bør spele ei viktig rolle i dialogen mellom biblioteka og brukarane, i marknadsføringa av biblioteka og tenestene deira og i spreiaing og delinga av informasjon og opplysing. Det må leggjast til rette for utvida brukarmedverknad. Gjennom å gi tilgang til teknologi, rettleiing og opplæring kan biblioteka medverke til å auke den digitale kompetansen.

Strategi 3.2: Styrkje og vidareutvikle kultur- og litteraturformidlinga, særleg for barn og unge

Delmål: *Biblioteka skal medverke til lese-lyst og lesedugleik gjennom aktiv litteraturformidling. Biblioteka skal tilby eit breitt spekter av litteratur og andre kulturuttrykk.*

Folkebiblioteket bør kunne gå inn i ei sentral rolle for heile det lokale kulturfeltet i større monn enn i dag. Utviklinga av folkebiblioteket både som digital tenesteformidlar og som ein fysisk møtestad understrekar at kommunane bør tenkje både samhandling og samlokalisering for dei aktivitetane og oppgåvene som dei utfører på kulturfeltet.

Folkebiblioteket bør difor i framtida utvikle seg i nært samspel med andre kulturarenaer og kunne tilby utstillingar, konsertar og andre former for kulturarrangement med meir eller mindre direkte tilknytning til dei klassiske bibliotektenestene.

Folkebiblioteket har vidare ein sjølvsgt plass som arena for kulturformidling og som kultur- og litteraturformidlar i kommunane. Satsinga på å etablere bibliotekfilialar (Sogndal) eller andre lesestimuleringsiltak i barnehagen er gode døme på at det ligg eit potensiale i å betre kommunikasjonen og samarbeidet mellom kommunale institusjonar. Auka fokusering på lesing og språk i barnehagealder har doku-

mentert effekt. Alle folkebibliotek bør invitere skuleklassar til bibliotekorientering og bokprat. Dette bør kunne inngå som faste aktivitetar i samband med Den kulturelle skulesekken lokalt og litteraturproduksjonar kan vere tilbod i det regionale skulesekktilbodet.

I samarbeid med ulike aktørar vil folkebiblioteka òg kunne styrkje si stilling som møtestad for grupper som i dag i liten grad deltek i kultur- og organisasjonslivet. Likeins kan biblioteka i samband med leseaksjonar og ymse arrangement freiste å nå nye målgrupper som t.d. transport- og industriarbeidarar, personar som tek vaksenopplæring mm. Dette vil styrkje folkebiblioteka si rolle som samfunnsmessig brubyggjar.

Strategi 3.3: Styrkje formidlinga av nynorsk litteratur og kultur i samarbeid med ABM-institusjonane

Delmål: *ABM-institusjonane skal styrkje lokal identitet gjennom formidling av nynorsk litteratur og kultur og lokalhistorie.*

Fylkeskommunen vil at nynorsken skal vere ei merkevare og eit konkurransefor-



trinn i Sogn og Fjordane. Biblioteka kan vere med på å profilere nynorsk språk, spesielt for barn og unge, ikkje minst ved litteraturformidling og forfattarbesøk.

Fylkesbiblioteket kan bidra ved å kjøpe inn bøker på nynorsk til klassesettssamlinga, profilere nynorske bøker og forfattarar frå Sogn og Fjordane på nettsida og registrere lokalhistoriske artiklar i Fjorgnedok.

Vidare bør ein kartleggje lokalsamlingane ved folkebiblioteka og få digitalisert artiklar i lokalhistoriske skriv og i eldre litteratur. Eit samarbeid med ABM-institusjonane i fylket om digitalisering og digital formidling bør vidareutviklast. Felles inngang til søk i lokalhistorisk materiale i Sogn og Fjordane vil verte ei stor forbetring for brukarane.

Strategi 3.4: Utvikle biblioteka til å verte inspirerande og inkluderande møte- og læringsarenaer

Delmål: *Biblioteka er reiskapar for innbyggjarane si deltaking i og tilgong til informasjons- og kunnskapssamfunnet.*

Biblioteket som læringsarena kan definere ut frå at mange brukar biblioteket som arbeids- og studiestad, men også ved at dei brukar tid på å lese og bla i samlingane.

Innbyggjarane i Sogn og Fjordane skal oppleve biblioteka som fleksible og relevante læringsarenaer og møteplassar når

det gjeld utvikling av eigen kompetanse. Brukarane skal sikrast eit kvalitativt godt tilbod. Folkebiblioteka skal vere ein kunnskapsbase for formell og uformell læring.

I tillegg til at biblioteket er ein stad for sjølvstendig læring, skal det også vere ein arena for dei som søker kunnskap og oppleving på generelt grunnlag.

Skal biblioteka også arrangere konsertar, kurs og andre aktivitetar vil det krevje biblioteklokale som er tilpassa desse aktivitetane, og som omfattar rom for møter, gruppearbeid, lese- og arbeidsplassar og kvilestader.

Folkebiblioteka har også etter biblioteklova ansvar for å gi eit tilfredsstillande tilbod til minoritetsspråklege. Mange folkebibliotek har likevel ikkje kompetanse eller mange nok innbyggjarar med andre morsmål enn norsk til å gi eit breitt nok tilbod. For å styrkje biblioteka som bidragsytarar til inkludering og kulturelt mangfald er det behov for meir utviklingsarbeid og kompetansehevande tilbod.

Utviklinga av folkebiblioteket både som digital tenesteformidlar og som fysisk møtestad understrekar at kommunane bør tenkje både samhandling og samlokalisering for dei aktivitetane og oppgåvene som dei utfører på heile kulturfeltet. I særleg grad må folkebiblioteka vere lett tilgjengelege der folk ferdast, og dei kan gjerne vere samlokalisert med kjøpesentra, kino,

kulturskular, friviljugsentral, sørviskontor, museum eller andre arenaer. Vanlegaste forma for kombinasjonsbibliotek er folkebibliotek i lag med skulebibliotek. Men i Sogn og Fjordane har vi fleire døme på kombinasjon folkebibliotek og skulebibliotek i vidaregåande skular samlokalisert i kultur-/operahus, som i Stryn, Eid og Gloppen.

Strategi 3.5: Sikre at tenestene vert godt kjende hos innbyggjarane

Delmål: *Innbyggjarane i Sogn og Fjordane skal kjenne til kva tenester biblioteka tilbyr.*

Det innhaldsrike og varierte tenestetilbodet i eit moderne bibliotek er ikkje kjent for alle. Det er behov for sterkare synlegging av biblioteka og kva dei kan tilby kvar einskild innbyggjar. Alle bibliotektenestene må marknadsførast på ein måte som når ut til målgruppene. Dette vil seie å utvikle tradisjonelt profileringsmateriale, men også å utnytte potensialet for marknadsføring av tenestene ved å bruke dei sosiale teknologiane aktivt.



Frå Gloppen folkebibliotek, som var nytt i 2008 (Foto: Erling Bergan, Bibliotekarforbundet)

// Biblioteka i Sogn og Fjordane skal vere lågterskel-tilbod med gode sosiale møtestadar, aktive formidlarar, leggje til rette for kultur- og kunstoppleving og gi fri tilgang til kunnskap og informasjon.

Litteratur og bakgrunnsmateriale

- Lov om folkebibliotek
- Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa
- St.meld. nr. 23 (2008-2009) Bibliotek : Kunnskapsallmenning, møtestad og kulturarena i ei digital tid
- Bibliotekreform 2014 (ABM-skrift #30-31) (2006)
- St.meld. nr. 24 (2008-2009) Nasjonal strategi for digital bevaring og formidling av kulturarv
- St.meld. nr. 35 (2007-2008) Mål og meining : Ein heilskapleg norsk språkpolitikk
- Kulturstrategi for Sogn og Fjordane fylkeskommune 2008-2011
- St.meld. nr. 48 (2002-2003) Kulturpolitikk fram mot 2014
- Utviklingsplan for biblioteka i vidaregåande skular i Sogn og Fjordane 2007-2010
- Biblioteka i Hordaland : Fylkesdelplan 2007-2010
- Skulebibliotek i Norge : Kartlegging av skulebibliotek i grunnskule og vidaregåande opplæring. Møreforskning 2007
- Statistikk for arkiv, bibliotek og museum 2008 (ABM-skrift #57)
- Statistikk for arkiv, bibliotek og museum 2009 (ABM-skrift #67)
- Litteraturformidling i Sogn og Fjordane : Eit tilbod for framtida. Sogn og Fjordane fylkesbibliotek 2005
- Høyringsfråsegner til Utkast til Strategisk plan for bibliotekutvikling i Sogn og Fjordane 2011-2014

Vedlegg

Vedlegg 1: Fag- og forskningsbibliotek i Sogn og Fjordane 2009

Institusjon	Tal tilsette og studentar	Sørvisstader	Tal tilsette	Årsverk
Høgskulen i Sogn og Fjordane	2 776	4	25	8,6
Helse Førde	1 200	1	2	0,75

Vedlegg 2 Folkebiblioteka i Sogn og Fjordane 2009

Kommune	Innbyggjarar per 01.01.09	Tal på avdelingar	Tal tilsette	Årsverk per 1000 innb.	Fagutdanna
Askvoll	3 031	1	4	0,56	
Aurland	1 695	1	5	1,24	1
Balestrand	1 365	1	1	0,37	
Bremanger	3 894	4	5	0,44	1
Eid	5 854	3	4	0,49	2
Fjaler	2 849	3	3	0,34	1
Flora	11 408	2	5	0,28	3
Førde	11 650	1	8	0,42	4
Gaular	2 748	2	2	0,38	1
Gloppen	5 687	3	4	0,48	2
Gulen	2 356	4	6	0,36	1
Hornindal	1 211	1	1	0,41	
Hyllestad	1 505	1	2	0,68	
Høyanger	4 374	7	8	0,80	1
Jølster	2 929	2	2	0,33	
Leikanger	2 179	1	3	0,65	
Luster	4 870	4	4	0,47	1
Lærdal	2 169	1	2	0,34	
Naustdal	2 668	1	3	0,52	
Selje	2 872	3	4	0,51	
Sogndal	6 899	1	6	0,57	2
Solund	874	1	1	0,86	
Stryn	6 769	1	3	0,28	1
Vik	2 809	5	4	0,42	
Vågsøy	5 998	2	3	0,22	1
Årdal	5 562	2	4	0,54	1
Sogn og Fjordane	106 225	58	97	0,45	23

Vedlegg 3: Besøk og utlån i folkebiblioteka 1998 og 2009

Kommune	Totalt utlån 98 <i>Ikke inkl. lån frå bokbuss/bokbåt</i>	Totalt utlån 09	Utlån per innb.	Besøk 09 per innb.
Askvoll	8 317	7 680	2,53	2,8
Aurland	14 491	7 971	4,72	4,2
Balestrand	13 360	3 798	2,82	
Bremanger	18 297	20 895	5,36	3,4
Eid	29 846	15 281	2,31	3,8
Fjaler	12 553	15 142	5,34	
Flora	37 993	34 902	3,05	4,7
Førde	63 594	57 457	4,85	5,6
Gaular	9 559	5 895	2,14	1,2
Gloppen	43 286	45 807	8,07	7,1
Gulen	8 244	4 455	1,95	0,9
Hornindal	6 260	2 086	1,71	1,2
Hyllestad	8 963	10 862	7,37	3,3
Høyanger	35 692	37 302	8,62	7,5
Jølster	18 014	13 933	4,72	3,3
Leikanger	12 659	9 762	4,53	1,3
Luster	35 145	41 483	8,50	7,6
Lærdal	13 831	11 006	5,01	1,8
Naustdal	12 641	18 226	6,86	
Selje	12 234	7 764	2,70	1,5
Sogndal	36 126	39 879	5,72	7,2
Solund	5 381	1 522	1,74	1,1
Stryn	17 400	26 503	3,87	4,8
Vik	27 599	14 492	5,21	
Vågsøy	14 190	11 265	1,88	1,5
Årdal	25 493	8 272	1,48	1,7
Sogn og Fjordane	541 168	473 640	4,45	3,9

Vedlegg 4: Bibliotek i vidaregåande skule

VGS i Sogn og Fjordane 2009:

Elevar: 4 480

Skular: 15

Timar med bibliotekpersonale med full bibliotekfagleg utdanning per skule per veke: 8,83

Vedlegg 5: Bibliotek i grunnskulen

Grunnskular i Sogn og Fjordane 2009:

Elevar: 8 905

Skular: 75

Timar med personale med bibliotekfagleg utd. tilsvarande minst ei halvårseining per skule per veke: 0,8

(Det er ikkje alle skular i fylket som leverer datagrunnlag nok for å kome med i statistikken.)

Vedlegg 6: Utlån til barn

Kommune	Utlån per barn (til 14 år)
Førde	7,05
Flora	4,53
Sogndal	8,24
Stryn	6,57
Vågsøy	2,88
Eid	4,56
Gloppen	16,47
Årdal	3,98
Luster	11,09
Høyanger	13,71
Bremanger	7,55
Askvoll	6,26
Jølster	13,59
Selje	6,37
Fjaler	7,76
Vik	15,03
Gaular	5,93
Naustdal	21,51
Gulen	2,21
Leikanger	4,13
Lærdal	7,74
Aurland	12,39
Hyllestad	13,65
Balestrand	5,73
Hornindal	2,92
Solund	7,32
Sogn og Fjordane	7,89

I tillegg har bokbåten og bokbus-sen 15756 utlån til barn i 2008 og 3580 bind vart lånt ut til skular frå klassesettsamlinga.

Grunnskulebiblioteka lånte ut 121678 einingar i 2008 dvs. 11,6 per elev.

Talet på elevar i denne statistikken er 10523 og tal på skular 78.

(Det er ikkje alle skular i fylket som leverer datagrunnlag nok for å kome med i statistikken.)

Aurland, Naustdal, Askvoll og Lærdal: hovudbiblioteket er kombinasjonsbibliotek med grunnskule.



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Sogn og Fjordane fylkesbibliotek

Postboks 144, 6801 Førde

Telefon: 57 72 18 80

Telefaks: 57 72 18 93

post.fylkesbiblioteket@sfj.no

<http://fylkesbiblioteket.sfj.no>